

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk


BIOFORSK NORD, TJØTTA

Kommune:
1820/Alstahaug

Gnr/bnr:
84/1

AskeladdenID:
161010

Referanse til landsverneplan:
Kompleks 1854



Omfang fredning

Byggnavn	Oppført	Bygningsnr.	Gnr/bnr	Omfang
•DRIFTSBYGNING 1	1796	187787750	84/1	Eksteriør
•FELLESBYGG	1952	11068154	84/1	Eksteriør
•HOVEDBYGNING	1878	187787688	84/1	Eksteriør/Interiør
•LÅNA	1740	187787718	84/1	Eksteriør/Interiør
•MASTULÅNA	1725	187787696	84/1	Eksteriør/Interiør
•STABBUR	1900	187787661	84/1	Eksteriør
•SUNDET	1750	187787637	84/1	Eksteriør/Interiør
•UTOMHUS SUNDET			84/1	Utomhus
•UTOMHUS TJØTTA		-	84/1	Utomhus



Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

Fredning kompleks


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningane i tunet på Tjøtta og tunområdet med vegar og hagar med plantingane. Fredinga omfattar også husmannsplassen Sundet. Fredinga skal sikre einskildbygningane, den innbyrdes samanhengen til bygningane samt kulturhistoriske verdiar knytte til anlegget som heile.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på kulturmiljø og bygningar av stor kulturhistorisk verdi i eit landskap med stor tidsdjupne frå tida som embetsmannsgard, saueavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
- Begrunnelse:** Tjøtta har fleire bygningar frå embedsmannstida som saman med nyare bygningar utgjer ein verdifull heilskap. Organiseringa av tunet er intakt, og både nye og gamle bygningar er relativt godt tatt vare på i sin opphavslege tilstand. Bygnings- og kulturmiljøet er prega av tida som storgard, eit gods som ei tid omfatta storparten av Helgeland, eit område på 8000 km². Bygningane på Tjøtta viser i stor grad det typiske for forsøksverksemda generelt at ein tok i bruk eksisterande bygningar og bygde nye tilpassa behova ein hadde til ein kvar tid.
- Tjøtta er ein jernaldergard, sterkt knytt til noregshistoria. Dei første slo seg ned her kring 300 år e.Kr. Tjøtta har mange synlege fornminne. I tillegg til tunanlegg frå folkevandringtida er det i området ein heil del gravhaugar og røyser, og fire bautasteinar med namn til sagn knytt til Lekamøya og Hestmannen. Første kjende person på Tjøtta var Øyvind Finnson, med tilnamnet Skaldaspelar som levde på 900-talet. Han var far til den endå meir kjende Hårek på Tjøtta som var den mektigaste mannen i Hålogaland. Spora etter folk som har brukt området gjennom generasjonar er tydelege.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

DRIFTSBYGNING 1

Bygningsnr:	187787750
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1796
AskeladdenID:	161010-7
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5101 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på ein svært tidleg, unik og uvanleg stor driftsbygning av stor kulturhistorisk verdi, med stor tidsdybde.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Bygningen inngår som ein vesentlig del av det store tunet i nord. Alderen til bygningen, storleiken og dei mange funksjonane bygget har hatt gjennom tidene, og den allsidige og tidstypiske materialbruken som til ein kvar tid er nytta, gjev bygningen ein spesiell fredningsverdi. Driftsbygningen er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauavlsgard, forskningsstasjon og fagsenter.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

FELLESBYGG - OPPRINNELIG DRIFTSBYGNING

Bygningsnr:	11068154
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1952
AskeladdenID:	161010-4
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5105 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på den tidlegare driftsbygningen som eksempel på en bygning av kulturhistorisk verdi, som del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauavls Gard, forskingsstasjon og fagsenter. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Bygningen vart oppført som driftsbygning i 1952 og utvida i 1954. Bygningen vart oppført som sauefjøs med låve og nytta som det fram til 1991. Den tidlegare driftsbygningen fortel om forsøkshistoria til Tjøtta som sauavls Gard og huset pregar kulturmiljøet og inngår som ein viktig del av tunet. Bygningen viser satsinga på Tjøtta som sauavls Gard og er eit interessant døme på gjenbruk og ombygging til administrasjonsbygg i 1991 med arkitektonisk uttrykk som speglar gamle og nye funksjonar.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

HOVEDBYGNING

Bygningsnr:	187787688
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1878
AskeladdenID:	161010-6
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5102 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiøret og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløysing, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på ei hovudbygningen som eksempel på ein bygning av stor kulturhistorisk verdi, som også er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embetsmannsgard, storgard på Helgeland, sauavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Hovedbygningen er del av eit verdifullt bygningsmiljø som storgård med lang historie og som del av forsøkgardhistoria. Bygningen er arkitektonisk av høg kvalitet og inngår som ein viktig del av tunet. Bygningen er oppført i utmurt bindingsverk, og er ein sjeldan byggjemåte i Norge, spesielt i Nord-Norge.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

LÅNA

Bygningsnr:	187787718
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1740
AskeladdenID:	161010-9
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5099 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiøret og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på låna som eksempel på ein bygning av stor kulturhistorisk verdi som også er ein del av eit verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som storgard, sauavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Bygningen kan vera den første hovudbygningen som familien Dass hadde på garden. Låna var også tilhaldstad for "Nordlands Amts Praktiske Kvindeskole. Bygningen inngår som ein viktig del av kulturmiljøet og tunet i vest og har spesielle bygningskvalitetar.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

MASTULÅNA

Bygningsnr:	187787696
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1725
AskeladdenID:	161010-8
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5100 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiøret og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløysing, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på mastulåna som ei representativ bygning av stor kulturhistorisk verdi som også er ein del av eit varirert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, sauavlgard, forskingsstasjon og fagsenter. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Mastulåna representerer del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om Tjøtta som storgard og som forsøksgard. Bygningen frå 1700 talet var eit viktig element som økonomibygning i tilknytning til hovudbygningen. Mastulåna fortel om hushaldningshistoria på ein storgard, og dessutan inngår bygningen som ein viktig del av tunet.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

STABBUR

Bygningsnr:	187787661
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1900
AskeladdenID:	161010-5
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5103 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører m.v.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på eit tradisjonelt stabbur som også er ein del av eit variert og verdifullt kultur- og bygningsmiljø frå tida som embedsmannsgard, saueavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater.
- Begrunnelse:** Stabburet er ei del av eit verdifullt bygningsmiljø som fortel om fortel om hushaldningshistoria på Tjøtta som storgard og som utgjer ein viktig bygning i det gamle gardstunet.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

SUNDET

Bygningsnr:	187787637
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	1750
AskeladdenID:	161010-3
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 5112 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar bygningens eksteriør og interiøret og inkluderer hovudelement som konstruksjon, fasadekomposisjon, planløysing, materialbruk, overflatehandsaming og bygningsdelar som vindauge, dører, gerikter, listverk, eldstader, pipeløp over tak, og detaljar som skilt og dekor m.v. Fast inventar som skåp, omnar, tekniske installasjonar m.v. er freda som del av interiøret.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på ei husmannstove av stor kulturhistorisk verdi, som representant for ein av dei mange husmannsplassane under storgarden Tjøtta. Formålet med fredinga er vidare å sikre hovudstrukturen i det arkitektoniske uttrykket og detaljeringa så som fasadeløysing, opphavlege og eldre delar som dører og vindauge, samt materialbruk og overflater. Formålet med fredinga av interiøret er å oppretthalde opphavleg rominndeling med opphavlege og eldre bygningsdelar, overflater og materialbruk, belysning, armaturar og detaljar, samt opphavleg, fast inventar.
- Begrunnelse:** Storgarden Tjøtta hadde mange husmannsplassar og plassen Sundet har ei typisk plassering i randsonen til hovudgarden. Kring denne verdifulle bygningen er det ein inngjerda hage som dannar ei verdifull ramme kring huset og kulturmiljøet her. Bygningen er ei typisk og representativ husmannstove som er tatt godt vare på. Dette er ei bygning det er få igjen av i Norge.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

UTOMHUS SUNDET

Bygningsnr:	
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	
AskeladdenID:	161010-1
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 9903487 Kompleks 1854



Fredning bygning


- Omfang:** Fredinga omfattar arealet til husmannstova med areal, terreng, strukturar som park, hage, gardsrom og grøntområde, hovudelement som vegar, stigar, dekke, belegg, vegetasjon og annan grøntstruktur samt konstruksjonar som gjerde, portar, murar. Avgrensinga av fredinga er markert på kartet med blå skravur.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på utomhusarealet som viktig eksempel på ein hage tilhøyrande ein husmannsplass. Husmannsplassen er ein viktig del av kulturlandskapet i tilknytninga til Tjøtta.
- Begrunnelse:** Tjøtta ligg i eit ope landskap med vidt utsyn og i randsona ligg husmannsplassen Sundet som ein dokumentasjon på husmannshistoria. Storgarden Tjøtta hadde mange husmannsplassar og plassen Sundet har ei typisk plassering i randsonen til hovudgarden. Den inngjerda hagen dannar ei verdifull ramme kring huset og kulturmiljøet her.

Forskrift om fredning av statens kulturhistoriske eiendommer

Kapittel 5 - Fredete eiendommer i Landbruks- og matdepartementets landsverneplan for Bioforsk

UTOMHUS TJØTTA

Bygningsnr:	-
Gnr/bnr:	84/1
Oppført:	
AskeladdenID:	161010-2
Referanse i landsverneplanen:	Bygning 9903459 Kompleks 1854



Fredning bygning

- Omfang:** Fredinga omfattar utomhusanlegga med areal, terreng, strukturar som park, hage, gardsrom og grøntområde, hovudelement som vegar, stigar, dekke, belegg, vegetasjon og annan grøntstruktur samt konstruksjonar som gjerde, portar, murar, skulpturar, trapper med detaljar, materialbruk og overflater.
Avgrensinga av fredinga er markert på kartet med blå skravur.
- Formål:** Formålet med fredinga er å ta vare på kulturmiljø av stor kulturhistorisk verdi i eit landskap med stor tidsdjupne frå tida som embetsmannsgard, saueavlsgard, forskingsstasjon og fagsenter.
- Begrunnelse:** Tjøtta ligg i eit ope landskap med vidt utsyn. Dei store trea i innkøyringa, hagen og det opne tunet pregar kulturmiljøet frå tida då Tjøtta var storgard og handelsstaden ei glanstid. Frimurarsymbolikk pregar hagen, mellom anna tre oppreiste steinar med runde steinar på toppen, som er plassert i ein trekant og i ein halvsirkel er det plassert runde steinar. Ein omnsskulptur; vestalinne fra Nes jernverk, står også i hagen framom ein rund steinsett dam. Vestalinne har tilhøyrd ein empirieomn i den tidlegare hovudbygningen. Figuren vart truleg flytta ut i hagen då bygningen vart rive.